

# Kvinnherad kulturskule

## Læreplan for

# KOR

### 1. Om Kvinnherad kulturskule

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles*».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

### Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: [www.kulturskulen.kvinnherad.no](http://www.kulturskulen.kvinnherad.no)

## **2. Om den lokale læreplanen**

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventast at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

## **3. Instrument / utstyr**

Gjennom korsong ynskjer me å legge til rette for utvikling av elevanes eiga stemme saman med jamaldra elevar. Stemmen er korsongarens viktigaste instrument, og det er difor viktig å oppdaga sin eigen stemme og jobbe med kontinuerlig å utvikle den gjennom korsong. Oppvarming, støtte og pusteøvingar er gode verktøy for å utvikle songstemmen i musikalsk samspel og samarbeid med andre. Gehørtrening og koordinasjon av øre og stemme er og ein del av dette arbeidet. I tillegg kjem språktekniske verktøy, som arbeid med uttale og etterkvart diksjon på fleire språk (primært engelsk).

## **4. Målgruppe / alder / inndeling**

Målgruppa for barne- og ungdomskor i Kvinnherad kulturskule er primært jenter i alderen 9-12 år, men det er også mogleg for både yngre og eldre elevar å delta. Koret Nattergalen har øvingar ein gong i veka, i samsvar med skuleruta, og dei øver for tida på Valen skule.

## **5. Organisering av undervisninga**

Undervisninga er organisert som gruppeøvingar på 90 minutt, inkludert pause, ein gong i veka.

## **6. Eigenøving**

Det vil bli gitt små enkle oppgåver eller øvingar av koralæraren som me ynskjer at elevane øver på heime. I forkant av konsertar er det også viktig at elevane førebur seg ekstra godt og øver heime på avtalt stoff. Me anbefaler som hovudregel at elevane stillar godt førebudde på øvingane, slik at læringsutbyttet på øvingane blir best mogleg. Det er i tillegg viktig at elevane kjem presis til øvingane, og at dei har med seg korpermen sin med notar og tekstar når dei kjem på øving.

## **7. Konsertar / framsyningar**

Me planleggjar fleire konsertar gjennom skuleåret for elevane våre i kulturskulen. På slutten av kvart semester blir det arrangert egne julekonsertar og sommarkonsertar, der det er forventa at elevane deltar. Nokre gonger kan koret også få førespurnader om å opptre andre stader i kommunen og i distriktet. Det kan for eksempel bli høve til å opptre på konsertar rundt påske eller 17. mai. Det er difor viktig at elevane øver godt gjennom heile året, og at dei held songane og repertoaret i koret ved like.

## **8. Evaluering / tilbakemelding**

Det vil bli gitt jamlege tilbakemeldingar undervegs på øvingane frå koralæraren.

## **9. Mål for undervisninga på breddeprogram**

Målet for undervisninga er at elevane skal utvikle seg som korsongare, både fagleg og sosialt, gjennom musikalsk vennskap i koret. Fagleg sett handlar dette om å utvikle eigen stemme og å trene øret gjennom aktiv lytting og song i lag med jamaldrande elevar. Me vil legge til rette for at elevane får god kjennskap til kjende songar frå ulike sjangre og med varierende vanskegrad på øvingane. Det er forventa at elevane lærer å synge skalaer og etter kvart kan

syng fleirstemt i koret, og at dei meistrer grunnleggjande notelesing og musikkteori. Elevane vil få syngje på fleire språk og lære å jobbe med diksjon og formidling av budskap i tekstane dei syng. Dette gjerer unisont og etter kvart gjerne også fleirstemt. Det er og viktig å lære sin eigen stemme og melodi godt, slik at ein kan hugse dette utenat og framføre utan noter på konsert.

Sosialt er det viktig å ha ei god lag-ånd og samstundes fremme solidaritet i koret ved at ein anerkjenner «ein for alle, og alle for ein». Me ynskjer at elevane skal utvikle trygghet og sjølvtilitt på scena, og slike erfaringar kan og vere gode verktøy for sjenerte elevar. Elevane er ein del av den same musikalske eininga, og me vil legge til rette for gode moglegheiter for musikalsk utvikling gjennom songfellesskapet i koret.

## **10. Forventningar / krav til elever**

Som korsongare er elevane del av ei større musikalsk eining, og det er sentralt å lære korleis ein jobbar saman som ei gruppe over tid. Det er difor også viktig at elevane behandlar kvarandre med respekt og er høflege med kvarandre. Det er forventa at elevane møter førebudde og presis til kor-øvingane, og at dei gir beskjed til korlærer på førehand dersom dei ikkje kan komme. Dette gjeld særleg også ved deltaking på konsertar og turar saman med koret.